

# Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune

(Gjeldande frå vedtaksdato kommunestyre)

## 1. Innleiing

Desse retningslinene for skuleskyss i Sula kommune byggjer på opplæringslova kapittel 4 §4.1-4.3, samt Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Retten til skyss* (gjeldande frå 01.08.2024). I tillegg er Møre og Romsdal fylkeskommune sine innspel og Trygg Trafikk sin rettleiar lagt til grunn.

Sula kommune har gjennomført vurderingar av trafikksikkerheit på alle vegstrekningar der det er søkt om skuleskyss på grunnlag av særleg farleg eller vanskeleg veg innanfor ein avstand på 4 km frå kvar skule. Desse vurderingane er innarbeidde i retningslinene, særleg i kapittel 6 om farleg og/eller vanskeleg skuleveg.

### 1.1 Formål og lovgrunnlag

Formålet med retningslinene er å sikre ei trygg, rettferdig og effektiv forvaltning av retten til skuleskyss for elevar i grunnskulen i Sula kommune.

Retten til gratis skuleskyss er regulert av:

- **Opplæringslova (LOV-2023-06-09-30)** – særleg kapittel 4 §4.1-4.3
- **Privatskulelova** – § 3-7
- **Barnelova** – § 36
- **Forvaltningslova** – §§ 17–27
- **Offentleglova** – § 13 og §20-32
- **Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv** – *Retten til skyss*, gjeldande frå 01.08.2024
- **Utdanningsdirektoratet:** «Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandling»
- **Sula kommune – forskrift om skulereglar**

### 1.2 Ansvar for skuleskyss

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og finansiere skyss for elevar som har lovfesta rett til gratis skuleskyss grunna avstand. Kommunen betaler persontakst for desse elevane.

Når kommunen innvilgar skyss grunna trafikkarleg eller vanskeleg skuleveg har kommunen det økonomiske ansvaret. Dersom det fylkeskommunale rutetilbodet ikkje kan nyttast, må kommunen dekke alle kostnader ved skyssen.

Kommunen har også ansvar for reisefølge og tilsyn med skysselevane.

Fylkeskommunen skal organisere skyssen i dialog med kommunen. Dersom partane ikkje blir samde, kan Statsforvaltaren gi pålegg.

## 2. Rett til skuleskyss

Elevar i grunnskulen har rett til gratis skuleskyss etter opplæringslova kapittel 4 §4.1-4.3, når vilkåra er oppfylte. Retten gjeld både ved avstand, funksjonsnedsetjing og særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

### 2.1 Varig eller mellombels funksjonsnedsetjing

Elevar som har behov for skyss, på grunn av funksjonsnedsetting, skade eller sjukdom, kan få gratis skoleskyss uavhengig av avstanden mellom bustad og skole. (Opplæringslova § 4-1)

Elevar med varig funksjonsnedsetjing skal søkje om skyss. Ved mellombels skade eller sjukdom kan det søkjast om skyss for ein avgrensa periode. Individuelt tilrettelagt skyss vert berre innvilga dersom sakkunnig vurdering tilseier det.

Dersom skyssbehovet varer over seks månader, skal det sendast søknad til fylkeskommunen, som vurderer tilbodet.

### 2.2 Dokumentasjonskrav

Behovet for tilrettelagt skoleskyss skal vere dokumentert av lege/sakkunnig. Erklæringa skal leverast på skolen, som registrerer søknaden i fylkeskommunen sin søknadsportal for skoleskyss. Attesten skal innehalde:

- type transportmiddel (buss, bil, drosje)
- særskilde behov (bakgrunn for skyssbehovet og evne til å reise).
- varigheit på skyssbehovet

Mangelfull dokumentasjon kan føre til forseinking eller avslag.

### 2.3 Vurdering og ansvar

Skulen hentar inn dokumentasjon og registrer søknaden i fylkeskommunen sin søknadsportal. Dersom fylkeskommunen seinare avslår skyss som allereie er etablert, kan skulen få fakturaen.

Fylkeskommunen vurderer om eleven har rett til skyss, og om det er behov for reisefølgje. Attest frå lege/psykolog vert nytta som grunnlag.

### 2.4 Andre forhold

- Personleg assistent jamfør vedtak kan følgje med i drosje.
- Ved delt bustad gjeld skyss berre til folkeregistrert adresse, med mindre delt bustad er dokumentert.
- Kommunen dekkjer skyss til og frå bading for funksjonshemma elevar. Kommunen dekkjer skyss mellom skule og aktivitetar.

### 2.5 Avstand mellom heim og skule

Elevar i grunnskulen har rett til gratis skuleskyss dersom gangavstanden mellom bustaden og skulen overstig følgjande grenser:

- **1. trinn:** over 2 km
- **2.–10. trinn:** over 4 km

### Måling av avstand

Avstand vert målt frå bustadens inngangsdør til inngangsdør på skulen, ved hjelp av digitalt kartverk. Fylkeskommunen nyttar sin digitale avstandsmålar:

### [Kart - FRAM Skoleskyss](#)

Alle målingar får automatisk eit tillegg på 100 meter. Dette for å dekke ikkje målt strekning mellom målepunkt og inngangsdør, samt unøyaktigheiter langs målt strekning.

Dersom skulen har fleire inngangar, skal avstanden målast til den inngangen som ligg lengst frå bustaden.

### *Definisjon av gangbar veg*

Kortaste gangbare veg skal leggjast til grunn. Med gangbar veg meiner ein vegar og stiar som er opne for allmenn ferdsel, og ikkje er skilta med forbod mot gåande (t.d. motorvegar og tunnelar). Også private vegar og stiar som vert nytta av allmennheita, kan reknast som gangbar skuleveg.

### *Forsikring*

Kommunen si elevforsikring gjeld også på skulevegen, uavhengig av om eleven går på offentleg eller privat veg, gangveg eller sti.

### *2.6 Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg*

Elevar som bur nærare skulen enn skyssgrensa (2 eller 4 km), kan ha rett til gratis skuleskyss dersom skulevegen vert vurdert som særleg farleg eller vanskeleg.

### *Vurdering av skuleveg*

Sula kommune vurderer om skulevegen mellom heim og skule er særleg farleg eller vanskeleg. For elevar som har rett til skyss grunna avstand, vurderer fylkeskommunen om vegen mellom heim og haldeplass er farleg eller vanskeleg.

Vurderinga skal byggje på både:

- **Objektive forhold:** vegstandard, trafikkmengd, fartsgrense, klima og topografi
- **Subjektive forhold:** alder, utvikling, syn, høyrsel og andre individuelle forhold

Det er ein generell risiko når barn ferdast i trafikken. Med *særleg farleg eller vanskeleg skuleveg* meiner ein forhold som inneber ein risiko utover det normale.

### *Rettleiing og dokumentasjon*

Sula kommune nyttar opplæringslova kapittel 4 §4.1-4.3, samt Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Retten til skyss* (gjeldande frå 01.08.2024). Særleg punkt 2.2 i Udir, som gjeld særleg farleg eller vanskeleg skuleveg er nytta i vurdering av skuleskyss i pkt. 2.5. Trygg Trafikk har utarbeidd ein rettleiing for vurdering av farleg skuleveg. Denne skal nyttast som grunnlag ved kommunale vedtak om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Lenke til rettleiingane finst i kapittel 9.

### *Individuell rett*

Retten til skyss er individuell. Søknader som går utover det som er fastsett i opplæringslova eller lokale retningsliner, skal vurderast individuelt. Det er føresette eller eleven sjølv som søker.

Vedtak om skyss er enkeltvedtak etter forvaltningslova, og skal innehalde individuell vurdering av om eleven kan ferdest trygt i det aktuelle trafikkmiljøet. Vedtaket skal vere skriftleg og innehalde informasjon om klagerett.

### *2.7 Vinterskyss*

Kommunen skal jamleg vurdere strekningane som blir brukt til og frå skulen, og sørge for at skulevegen er trygg for elevar under vinterforhold. I vinterhalvåret skal det takast ekstra omsyn ved vurdering av skyssordningar for grunnskuleelevar, då vinterføre kan føre til utfordringar både for elevar og transportmiddel.

Veg- og vêrforhold, som snø, is og tåke, skal vurderast spesielt ved søknad om skuleskyss på grunnlag av særleg farleg eller vanskeleg veg for å sikre ein trygg skuleveg. I tilfelle der vinterforholda blir vurderte som farlege, kan skyss med buss eller taxi vurderast i perioden 1.november til 30.april.

Elevar som har rett til vinterskyss skal få nødvendige tilpassingar når det gjeld tidspunkt og ruter, for å unngå forseinkingar og auka fare på veg til skulen. Kommunen har ansvar for å informere både føresette og elevar om eventuelle endringar i skyssordningane i vintermånadene.

### *2.8 Varig eller mellombels funksjonsnedsetjing*

Elevar med varig eller mellombels funksjonsnedsetjing, skade eller sjukdom har rett til gratis skuleskyss, uavhengig av avstand til skulen. Skyssen skal vere tilpassa den enkelte sitt behov, og kan omfatte buss, drosje eller privat transport.

### *2.9 Sjukdom i løpet av skuledagen*

Dersom ein elev vert sjuk eller skadar seg i løpet av skuledagen, er det skulen sitt ansvar å organisere trygg heimtransport.

### *2.10 SFO og leksehjelp*

Skyss til og frå SFO eller leksehjelp gir ikkje rett til gratis skuleskyss, og fylkeskommunen har ikkje ansvar for denne skyssen. Elevar med rett til skuleskyss grunna funksjonsnedsetjing, skade eller sjukdom har likevel rett til skyss til og frå SFO.

Reisebevis kan nyttast til skuleskyss mellom heim og skule.

### *2.11 Arbeidsveke og utplassering*

Skyss i samband med arbeidsveke eller utplassering i bedrift er kommunen sitt ansvar, både organisatorisk og økonomisk. Dette gjeld også for elevar med funksjonsnedsetjing, skade eller sjukdom.

## **3.0 Friskular**

Elevar ved friskular (tidlegare privatskular) som får statstilskot, har same rett til skuleskyss som elevar ved offentlege skular. Dette inkluderer rett til reisefølgje og tilsyn ved behov.

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skyss til friskular innanfor elevens heimkommune. Kommunen betaler for skyssen. Dersom eleven går på friskule utanfor heimkommunen, gjeld skyssretten berre fram til kommunegrensa.

### *3.1 Vaksne med rett til grunnskuleopplæring*

Vaksne med enkeltvedtak om grunnskuleopplæring etter opplæringslova §18-2 har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn 4 km frå skulen etter §21-1 og 21-2.

Skyssretten gjeld normalt til kommunegrense. Om heimkommunen kjøper grunnskuleopplæring for vaksne i anna kommune dekker heimkommunen også skyss over kommunegrense.

Vaksne med funksjonsnedsetjing, sjukdom eller skade har rett til skyss uavhengig av avstand. Skyssbehovet må dokumenterast med legeerklæring eller sakkunnig vurdering, og innehalde informasjon om transportmiddel og varigheit.

### *Avgrensingar*

Følgjande gir ikkje automatisk rett til skyss:

- Introduksjonsprogram eller norskopplæring
- Tidlegare fullført grunnskule utan formell rett
- Asylsøkarar utan opphaldsstatus
- Individuelt tilrettelagt opplæring som ikkje er del av grunnskuleopplæring (t.d. logoped)

## **4. Elevens bustad**

### *4.1 Folkeregistrert adresse*

Elevens bustad er den adressa som er registrert i Folkeregisteret. Denne adressa vert lagt til grunn for kva som er elevens nærskule.

Elevar som bur mellombels andre stader enn folkeregistrert adresse – til dømes hos familie eller vener – har ikkje rett til gratis skuleskyss etter opplæringslova. Dette gjeld sjølv om opphaldet skuldast sjukdom eller liknande hos føresette.

### *4.2 Delt bustad*

Elevar som bur i to heimar kan ha rett til skuleskyss til begge foreldra sine adresser, dersom dei andre vilkåra for skyssrett er oppfylte.

Ved søknad om skyss må delt bustad dokumenterast med samværsavtale eller ei erklæring signert av begge foreldra, skjema for dette finn de på fylkeskommunen sin nettside. Retten til skyss ved delt bustad føreset ei planlagt og regelmessig ordning, ikkje enkeltstående besøk utan avtalt eller rettsleg fastsett deling av delt bustad.

Ved individuell behandling av slike søknader vert det lagt til grunn at føresette har ansvar for å ta omsyn til barnet sitt beste, inkludert trygg og praktisk skuleveg. Dersom ein av bustadene ligg langt frå nærskulen, må ein rekne med lengre reisetid, fleire bussbyte og meir venting. Vurderingar knytt til forsvarleg reisetid og kostnader kan avgrense retten til skyss.

### *4.3 Fast bustad i fosterheim*

Elevar som bur i fosterheim har rett til skyss dersom vilkåra elles er oppfylte. Det må liggje føre enkeltvedtak. Nærskuleprinsippet gjeld også for desse elevane.

#### *4.4 Mellombels bustad*

Elevar som vert plasserte i korttidsinstitusjon eller liknande av barnevernet, kan få mellombels bustad. Barnevernet har då det administrative og økonomiske ansvaret for skyssen fram til eleven har fått fast bustad.

#### *4.5 Avlastningsheim*

Elevar med rett til skyss etter opplæringslova §4.1-.4.3 kan ha rett til skyss mellom avlastningsheim og skule. Retten gjeld om avlastningsordninga er etter kommunalt vedtak. Transport mellom heim og avlastningsheim er føresette sitt ansvar.

Dersom avlastningsheimen ligg langt frå skulen og skyssen medfører vesentlege meirkostnader, kan tilbodet avgrensast heilt eller delvis.

#### *4.6 Barnevernsinstitusjon*

Barnevernsinstitusjon vert likestilt med ordinært heim, og gir ordinære skyssrettar knytt til nærskulen.

### **5. Eleven sin skule**

#### *5.1 Nærskuleprinsippet*

Elevar har rett til å gå på sin nærskule. Kva skule som er definert som nærskule går fram av lokal forskrift om skulekringsgrenser i Sula kommune. Retten til skuleskyss er knytt til nærskulen.

#### *5.2 Opplæring på annan skule eller arena*

Dersom føresette ønskjer at eleven skal gå på ein annan skule enn nærskulen, må dei vanlegvis dekke skysskostnadene utover det som ville vore aktuelt til nærskulen.

Kommunen skal i vedtak om skulegang på annan skule ta stilling til om eleven har rett til skyss.

Dersom skulebytte skjer som tiltak etter opplæringslova Kap.12 (eleven sitt skulemiljø), skal kommunen dekke skyssutgiftene.

#### *5.3 Undervisning utanfor skulen sitt geografiske område*

Skyss i samband med symjeundervisning, utplassering i bedrift, ekskursjonar, skidagar og anna undervisning i skuletida skal organiserast og finansierast av kommunen eller friskulen.

#### *5.4 Mellombels stenging av skule*

Dersom elevar vert midlertidig plasserte på annan skule enn vanleg, har dei rett til skyss dersom dei ordinære vilkåra er oppfylte. Fylkeskommunen har berre ansvar for skyss dersom omplasseringa gjeld alle elevane ved skulen.

#### *5.5 Undervisning i heimen ved sjukdom*

Dersom skule og heim inngår avtale om heimeundervisning, og dette medfører skyssutgifter, vert dette definert som tenestereise. Kommunen har då det økonomiske ansvaret.

## 6. Skyss standardar

### 6.1 Planlegging av skyssen

Skuleskyssen skal planleggjast og organiserast i samarbeid mellom fylkeskommunen og den enkelte skule. Elevane skal få eit skyssopplegg med akseptabel reisetid, innanfor det som er rasjonelt og økonomisk forsvarleg.

Det må påreknast noko behandlingstid før skyssen vert etablert, og søkjarar må ta høgd for dette.

### 6.2 Samordning

Det vert lagt opp til felles skyssordning for grunnskule og vidaregåande skule der det er mogleg. Difor er det viktig at ferie, fridagar og skuletid (start- og sluttidspunkt) vert samordna.

Skular og kommunar som ikkje følgjer felles skulerute for fylket eller regionen, må sjølve organisere og dekke eventuelle meirkostnader for skyss på dagar eller tidspunkt som avvik frå oppsettet.

Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje vert samde om organisering og finansiering av skyssen, kan Statsforvaltaren gi pålegg.

### 6.3 Reisetid

Skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei forsvarleg reisetid. Det finst ikkje ei fast norm, men reisetida vert vurdert individuelt.

Samla reisetid inkluderer:

- gangtid
- reisetid
- ventetid

Ved skyss for elevar på 1.–4. trinn skal reisetida vere så kort som mogleg.

Utdanningsdirektoratet peikar i rundskriv– [Retten til skyss](#) på fleire omsyn:

- Barna må få tilstrekkeleg fritid og tid heime
- Skyssen må organiserast effektivt og rasjonelt

Ved delt bustad, privatskulegang eller avvik frå nærskule kan reisetida bli lengre enn det Vv opererer med som norm for maksimal reisetid.

### 6.4 Gangavstand til og frå haldeplass

Skyssordninga skal dekke størstedelen av distansen mellom heim og skule, men det kan krevjast at eleven går til næraste haldeplass innanfor rimeleg gangavstand.

Gangavstand vert vurdert individuelt, med omsyn til alder, modenheit, trafikksikkerheit og framkome på strekninga.

Føresette har ansvar for å førebu barna på å klare skulevegen på ein trygg måte. Dette kan innebere at barn på småtrinnet må følgjast til skule eller haldeplass av føresette i ein periode.

## 7. Strekningar definert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

### 7.1 Kriterium for vurdering

Elevar som må ferdist langs strekningar som vert vurderte som særleg farlege eller vanskelege, har rett til gratis skuleskyss – sjølv om avstanden til skulen er kortare enn dei ordinære skyssgrensene (jf. kap. 2.4).

Ved vurdering av slike strekningar vert følgjande moment lagt til grunn:

- Om det finst gang- og sykkelveg eller fortau
- Breidde på veg og vegskulder, særleg der det ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikkantar
- Kryss og avkøyrslar som må kryssast av elevane
- Siktforhold og om det finst gangfelt
- Fartsgrense og trafikkmengd (ÅDT)
- Vegtype: hovudferdselsåre, gjennomgangstrafikk eller intern grendeveg
- 

Det vert skilt mellom **heilårsskyss** og **vinterskyss**. Ordninga for vinterskyss er omtalt i kapittel 2.6.

### Definisjon av gangbar skuleveg

Fylkeskommunen nyttar kortaste gangbare veg mellom bustad og skule som grunnlag for avstandsmåling. Gangbar veg er definert som veg eller sti som er open for allmenn ferdsel, og ikkje skilta med forbod mot gåande (t.d. motorvegar og tunnelar). Også private vegar og stiar i allmenn bruk kan reknast som gangbar skuleveg.

### Aldersvurdering

Vedtak om skyssrett vert gjort med omsyn til elevens alder og modenheit. Trygg Trafikk sin rettleiing vert nytta som grunnlag for vurdering, og inndeling i alderstrinn.

Trygg Trafikk har tidlegare tilrådd bruk av skulepatrolje, men har gått bort frå dette. Dei meiner at barn ikkje bør ha ansvar for andre barn i eit stadig meir kompleks trafikkbilde. Alternative tiltak for trafikksikring rundt skular vert tilrådd.

*Lenke til Trygg Trafikk sin rettleiing:*

[Trafikkvakter - Trygg Trafikk](#)

## 8. Skyssplanlegging og vedtak

### 8.1 Søknad og vedtak om skuleskyss

Følgjande prosedyre gjeld for søknad og vedtak om skuleskyss:

1. Føresette søkjer om skuleskyss via skjema på Sula kommune si heimeside.
2. Skulane registrerer søknadene.
3. Søknader innanfor skyssgrensa, som ikkje er omfatta av kapittel 7, vert behandla av skulen.
4. Søknader innanfor skyssgrensa, som er omfatta av kapittel 7:
  - Skulen gjennomfører samtale med eleven og legg notat av samtale i same sak som søknad er registrert (søknad skal ligge i eigen sak og ikkje elevmappe, slik at administrasjon og samfunn kan gis tilgang til saka)

- Samfunn gjennomfører objektiv kartlegging av strekninga og legg notat med oppsummering av kartlegging og konklusjon i same sak som søknad
  - Rådgjevar oppvekst utarbeider forslag til vedtak. Endeleg vedtak vert gjort av kommunalsjef kultur og oppvekst.
5. Fylkeskommunen behandlar alle andre søknader, og gjer vedtak om innvilga eller avslått skyss.
  6. Godkjende søknader vert sendt vidare til skulen for registrering i skuleskyssportalen og vidare organisering av skyssen.
  7. Skulane deler ut skysskort (reisebevis) til elevane.

Vedtaket om skuleskyss gjeld for eitt skuleår om gongen. Dersom føresetnadene er uendra, vert vedtaket automatisk fornya ved nytt skuleår utan ny søknad.

Avslag og svar på søknader grunna delt bustad, funksjonsnedsetjing eller andre individuelle forhold vert sendt direkte frå fylkeskommunen til føresette. Skulen har tilgang til alle vedtak.

Vedtaket om skuleskyss er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Dersom vedtaket er gjort på feil grunnlag, kan kommunen eller fylkeskommunen omgjere det.

## 8.2 Reisebevis

Alle elevar med rett til skuleskyss skal ha skysskort og ta det med seg på alle turar til og frå undervisningstid på skulen. Skysskortet kan ikkje nyttast på ferie- og fridagar. Gyldig periode og strekning skal gå fram av kortet.

Tap av skysskort må meldast til skulen snarast. Tapte kort vert erstatta mot eit gebyr.

## 8.3 Klageadgang

Vedtaket om skuleskyss kan verte klaga på etter forvaltningslova. Klageinstans er Statsforvaltaren.

Klagen skal sendast til det organet som gjorde vedtaket. Dersom vedtaket vert oppretthalde, vert klagen sendt vidare til Statsforvaltaren, som gjer endeleg vedtak.

## 9. Lenker og ressursar

For meir informasjon om vurdering av farleg eller vanskeleg skuleveg, og trygg ferdsel for elevar, viser Sula kommune til følgjande ressursar:

- **Trygg Trafikk – Særleg farleg skuleveg**  
[Særlig-farligskolevei veilder 2021 nett.pdf](#)
- **Trygg Trafikk – Trafikkvakt og skulemiljø**  
[Trafikkvakter - Trygg Trafikk](#)

## Oppsummering

Desse retningslinene skal sikre at elevar i Sula kommune får eit trygt, rettferdig og forsvarleg skyssopplegg til og frå skulen. Retten til skuleskyss er regulert av opplæringslova og nasjonale føringar, og vert forvalta i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.